

Årsmelding 2020

Osterøy kyrkjeleg fellesråd



INNHALD:	Side:
INNLEIING.....	4
1) KYRKJELEG FELLESRÅD	5
Medlemer i råd og utval	5
Møteoversikt	6
2) TILSETTE	7
3) KYRKJELYDSARBEID	9
Sunnivaseglasen	9
Suppleringsval i Haus	9
Trusopplæring.....	9
Kyrkjemusikk	11
4) VEDLIKEHALD OG REHABILITERING.....	12
5) KYRKJESTATISTIKK.....	13
6) ØKONOMI	15
7) SLUTTORD	16

COVID-19 - ÅRET 2020

Året 2020 starta greitt, med normal drift, god oppslutning på gudstenester og ein stab og fem sokneråd som var godt motiverte for innsats i eit nytt år. Den 12. mars fekk vi melding om å stengje. Alt. Med unntak av gravferd. Sidan har det gått litt opp og ned. Ein periode var alt stengd ned. Så fekk vi drive med gudstenester og arrangement berre vi held ein meter avstand og passa på ein del andre koronareglar. Så blei det nye innstrammingar igjen på slutten av året. Vi kunne i 2020 i ulike periodar samle fulle kyrkjer (2-300 personar), seinare berre mellom 50 og 100 etter storleiken på kyrkjene, så blei det maks 50, før det gjekk ned til 10 personar.

Nedstenginga kom kort tid før påske. Staben snudde seg rundt, fant fram eit videokamera, oppdaga at vi hadde redigeringsprogram for video på data, og sette i gang. Vi fekk tatt opp og sendt ut på nettet ei gudsteneste for kvar heilagdag i heile påska. Aldri har så mange fått med seg påskegudstenestene frå Osterøy, som dei som kom på nett. Det blei og gjennomført to drive-in-gudstenester på trappa til borgstova på Hamre i påska. Etter påske fekk vi lagt ut nokre gudstenester til. Så kunne vi opne opp att. På sjølvaste 17.mai. Konfirmasjonane blei utsett til september. Då blei dei gjennomført, med få gjestar for kvar konfirmant.

På grunn av smittefare var det sagt at vi burde utsetje eller avlyse det aller meste av arrangement. Dermed blei det ikkje vaffelfredagar i kyrkjesenteret, temakvelder med bibelundervisning, ungdomstreff. Berre noko av trusopplæringsarbeidet kunne gjennomførast. I gudstenestene kunne vi ikkje ha nattverd, vi skulle ikkje ta opp offer som vi pleidde, men kunne bruke Vipps. Ikkje alle kunne bruke det tilbodet. Barnedåp ble satt på vent. Vigsler blei utsatt. Det blei eit år med svært lite aktivitet. Statistikk-tala viser klart resultatet. Alle julekonsertane blei avlyste og julegudstenestene måtte ha påmelding og samla mellom 45 og 50 personar.



Sokneprest Stein Hugo Fykse og Jørgen Grimelid gjekk saman om å halda gudsteneste på Hamre, på borgstovetrappa. Foro: E. Bratli

1) KYRKJELEG FELLESRÅD

	<u>Faste medlemmer:</u>	
Leiar:	Roar Moen	Hamre sokn
Nestleiar:	Anne Cecilie Skeidsvoll	Gjerstad sokn
Medlem:	Idar Fjeldstad	Bruvik sokn
	Irene Vik	Hosanger sokn
	Helga Rivenes Lone	Haus sokn
	Øystein Skaug	Bjørgvin bispedøme
	Johannes Haugland	Osterøy kommune
Vara	Maria Sandal Vevle	Hamre sokn
	Magne R. Vikne	Bruvik sokn
	Øystein Lone	Hosanger sokn
	Inge Sørheim	Haus sokn
	Kjellaug Hartveit	Gjerstad sokn
	Stein Hugo Fykse	Bjørgvin bispedøme
	Kari L. Mjøs	Osterøy kommune
Sekretær:	Edvin Bratli	Kyrkjeverje

ADMINISTRASJONSUTVALET:

Leiar:	Anne Cecilie Skeidsvoll
Medlem:	Roar Moen
	Irene vik
	Baard Eikaas (Delta) til sept.
	Helga A. Mjelstad (Utdanningsforbundet) frå sept.
	Trent Bruner (MFO)
Vara:	ikkje oppnemnd (skulle vore 3)
Sekretær:	Edvin Bratli

FORHANDLINGSUTVALET:

Leiar:	Roar Moen
Nestleiar:	Idar Fjeldstad
Medlem:	Øystein Skaug
Sekretær:	Edvin Bratli

ORDINÆRE MØTE I FELLESRÅDET

Fellesrådet har i 2020 hatt 6 møter og handsama 44 saker.

Kyrkjeleg administrasjonsutval har hatt nokre møter i 2020, der utvalet handsama tilsetting av kontor i Gjerstad, Haus og Bruvik.

Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte i 2020. Dei handsamar saker om lokale lønsforhandlingar.

MØTE MED KOMMUNEN

Kontakten med kommunen er god. Kyrkjeverja har mange møtepunkt med dei som steller med økonomi og med ordføraren. Vi opplever at kyrkja har eit godt omdøme i kommunen.

Leiar, Roar Moen og Edvin Bratli fekk møte Formannskapet 25. november. Her la vi fram budsjettønskje vårt for 2021. Vi fekk godt med taletid, og Roar Moen fokuserte på ny kyrkjelov frå 1.1.2021, på kommunen sitt ansvar og kyrkja som noko meir enn berre ein utgiftspost på budsjettet. I 2020 fekk kyrkja eit kutt på 10 % på budsjettet, som blei tatt ned frå 5,2 mill. til 4,7 mill. På grunn av god budsjettstyring og mykje flaks, såg det ut for at vi kunne klare å komme gjennom 2020 utan underskott. Vi var likevel engsteleg for at det kunne bli nye kutt, når vi la fram ønskje om 4,8 mill. for komande år, men det lei det vi fekk. Rett nok hadde vi endra litt på tenesteytingsavtalen, slik at vi fekk ikkje noko auke i kroner og øre, i forhold til 2020.

Tenesteytingsavtalen inneber at kommunen dekkjer kostnader til husleige for kyrkjekontoret, ikt-utgiftene, rekneskaps- og lønsarbeid. Dei dekker og brøyting og strøing på parkeringsplassane ved kyrkjene.



2) TILSETTE I FELLESRÅDET

Kantor:	Baard Eikaas. (Bruvik, Gjerstad, Haus) 80 % fast stilling. (Permisjon i 40 % pga. studiar). Slutta 31.aug.
Organist:	Trent Bruner (Hamre og Hosanger) tilsett i 70 % fast stilling frå 01.09.2017. Går òg inn i vikariat i 30 % for Baard i hans permisjonstid.
Kantor:	Ivar Mæland. (Bruvik, Gjerstad, Haus) 50 % fast stilling. Tilsett frå 01.12.2020
Trusmedarbeider:	Helga Askeland Mjelstad 80 % fast stilling
Kyrkjegardsarbeidar	Roger Birkelund tilsett i 70 % fast stilling. Redusert til 50 % frå 1.febr Sigurd Revheim, 50 % fast stilling (tilbake frå permisjon 1.okt) Oddvar Høgli tilsett som vikar for Sigurd, i 25 % stilling, endra til 20 %
Kyrkjeverje:	Edvin Bratli. 100 % fast stilling
Konsulent:	Miriam S Kalland. 50 % fast stilling. Permisjon frå 4.des.
Kyrkjetenar Bruvik:	Magne Roald Vikne. Timelønna.
Kyrkjetenar Gjerstad:	Toril M. Nelson 30 % fast stilling
Kyrkjetenar Hamre:	Gaute Røsland 20 % fast stilling
Kyrkjetenar Haus:	Roald Hauge 20 % fast stilling.
Kyrkjeten. Hosanger:	Gaute Røsland. 20 % fast stilling

Slåtten blei i 2020 utført av tilsette på kyrkjegarden med innleige av plenklyppar (raidar), som no er kjøpt inn. I tillegg har Enni Revheim ansvar for reingjering av mopper til alle kyrkjer.

TILSETT AV BJØRGVIN BISPEDØMME

Sokneprest (HH):	Jørgen Grimelid 100 %
Sokneprest: (BGH)	Stein Hugo Fykse 100 %
Kateket:	Mia Etokebe engasjert i 40 % (konfirmantarbeid våren 2020) Hilde Helen Trovåg i 50 % (konfirmantarbeid hausten 2020)

KYRKJEHELING (del av felles blad for Åsane prosti)

Redaktør:	Magne Fonn Hafskor (red.), Åge Clausen (lokal red.)
Redaksjonsnemnd:	Kjellaug Hartveit var repr. i styret for felles blad i prostiet i 2020.
Distribusjon:	Oddvar Teigland og Reidun Tvedt.

Bladet kjem ut med fem nummer i året. Tilsette bidrar med noko stoff, og resten kjem frå kyrkjelydane. Sidan bladet er eit fellesprosjekt med heile Åsane prosti, er dei 12 sidene i midten felles i alle blad. Her får vi på Osterøy også inn stoff som vi ønskjer delt med dei andre sokna i prostiet.



Kyrkjekontoret i Lonevåg Senter, 3.etg. Foto E. Bratli

KYRKJEKONTORET

Kyrkjekontoret er eit felles kontor for alle fem sokna og fellesrådet sin administrasjon. Dette fungerer godt. Kyrkjeverja og konsulenten fungerer som sekretærar for fellesrådet og alle sokneråda. Trusopplærar dekkjer alle sokna med sitt arbeid. Kantorane har delt sokna mellom seg når det gjeld gudstenester, medan dei har kvar sine tenesteveker når det kjem til gravferd og andre tenester i vekene. Prestane har ansvar for kvar sine sokn, men delar på gravferder, vigslar og andakter på Osterøytunet etter oppsette tenesteveker. I 2020 blei Osterøytunet stengt for andaktar frå mars, då samfunnet elles stengde ned. Kyrkjetenarane har kvar si kyrkje og held orden i dei og samhandlar med prest og kantor ved gudstenestene. Dei som arbeider på kyrkjegardane har tett kontakt med kyrkjeverja og gjer ein eineståande jobb.

KYRKJESENTERET



Her er det soknerådsmøter, fellesrådsmøter, babysang, dåpssamtalesamlingar, konfirmantundervisning, ungdomsklubb, småbarnsang, vaffelfredag og diverse andre samlingar. Lokalet er også godt eigna til utleige. På grunn av smittevernereglar og frykt for smitte, har det vore lite aktivitet i 2020.

3) KYRKJELYDSARBEIDET

Kyrkjelydsarbeidet er i hovudsak sokna sitt ansvar, og det kjem fram i kvart sokn sine årsmeldingar. Likevel er det noko som fellestrådet er oppteken av og vil seie litt om. Det er trusopplæringsarbeidet som vi får statlege midlar til å drive, og arbeidet i dei fem sokna våre er rekna som ei eining, med Helga Askeland Mjelstad som tilsett.

ST. SUNNIVA-SEGLASEN

Like før sommarferien tok til, blei kyrkjekontoret kontakta av bispedømmet sin kulturrådgjevar, om vi ville bli inkludert i St. Sunnivasegласen. Det var 850 år sidan skrinet med levningane etter St. Sunniva blei flytta frå Selje kloster til Bergen. Dette ville dei markere i august/september. Det skulle arrangerast ein seglas frå Selje til Bergen, med ein kopi av skrinet. På ferda skulle dei stoppe på fleire stader, og Hamre kyrkje blei eitt av desse. Fredag 4. sept. Kom følgjet til oss. Det blei sett opp ei ortodoks vesper (gudsteneste) ved Fader Teodor. Kyrkja var «fullsett etter smittevernreglane» med vel 50 -60 personar, som fekk ei unik oppleving.

SUPPLERINGSVAL i HAUS

Kyrkjevalet på Osterøy i 2019 gjekk ikkje heilt som det skulle. I Haus måtte ein til med suppleringsval, då fleire av dei valde medlemmane trakk seg frå soknerådet. Det blei gjennomført suppleringsval i februar 2020, og etter det har vi fått eit sokneråd som fungerer fint.

TRUSOPPLÆRING

2020 har vore eit utfordrande år med nedstenging og smitteverntiltak. Smittevernreglar med avgrensing i deltakartal og fysisk avstand skal følgjast i alle tiltak. I dei fleste tiltak deltar barn frå fleire kohortar. Dette har vore utfordrande. Barn i barnehagealder er vanskelege å plassera på fast plass. Bevegelse er naturleg for barna og det er utfordrande å engasjera dei, når dei må halda seg til fast plass og halda avstand. Smittevern krev mykje energi og endå meir førebuing. Erfaringar med nye møtepunkt, omorganisering og alternative tiltak dette året, kan vidareførast og slik vidareutvikla tiltaka våre. Konkrete eksempel frå 2020 følgjer: Digitale plattformer blei tatt i bruk ved nedstenging i mars. Videoinnspelningar av gudstenester, babysong og småbarnsong blei lagt ut på nettsida. Det blei laga ein eigen artikkel på nettsida vår (osteroy.kyrkja.no), der barn og foreldre kunne finna innspelningar og aktivitetsforslag rundt påske og pinse. Til jul blei Duplofilmen til Barabbas Forlag lagt ut, saman med lenke til "Ti veier til julestemning i 2020". Før påske og jul fekk ca.60 familiar, som hadde vore innom trusopplæringstiltak siste halvåret, tilsendt ei personleg helsing frå trusmedarbeidar, med lenke til aktivitetane på nettsida. Lisens til filmen "Kirkerottene og Gabrielle" blei kjøpt hjå IKO og sendt ut til desse familieane i julesendinga. Sjølv om foreldra forstår grunnen til avlysingar, kjenner me oss litt urolege for å missa kontakten med heimane. «Tårnagenthelg spesial» erstatta vanleg tårnagenthelg på Hamre i april. Uteaktivitet og heimeoppdrag erstatta aktivitetane me plar ha i kyrkjerommet. Tårntur i små grupper og symboljakt blei gjennomført i tårnet og utanfor kyrkja. Fem agentar frå Gjerstad deltok, sidan deira tårnagenthelg blei avlyst i mars. Kyrkjesenteret er blitt eit godt rom, og har fått rømmingsveg ut mot gata. Likevel er rommet blitt for lite, når smittevernreglane krev 1-2 m avstand. Dermed har lokalet vore mindre i bruk denne hausten. Under nedstenging i mars, blei

TOL-tiltaka sakna og etterlyste blant nokre barn/foreldre. Etter forsiktig gjenopning i mai/juni, måtte praktiske endringar gjennomførast for å ivareta krava til smittevern. Babysong fekk god respons. Aldri har babysonggruppa vore større enn hausten 2020. Behovet for sosial kontakt er stort blant småbarnsforeldre, særleg når mange andre aktivitetar er stengde. Babysongtilbodet blei flytta frå kyrkjesenteret i Lonevåg til Haus kyrkjelydshus og påmelding måtte stoppast. For første gong blei det venteliste på babysong. Småbarnsong måtte også flyttast til Haus utpå hausten, for å ivareta krav om avstand. Barna på småbarnsong er så bevegelege, at tilbodet truleg må endrast noko våren 2021, for å ivareta krav om smittevern. Eit ute-tilbod vil kanskje erstatta småbarnsong for 3-5-åringane. Konfirmasjonar og oppstart med nye konfirmantar blei veldig spesiell. Planane måtte stadig endrast. Konfirmasjonsdatoar kom tett oppi oppstart med nye konfirmantar. Avstand er unaturleg og utfordrande i ungdomsgruppene. Gruppeinndelingar måtte endrast, sidan gruppene måtte bli mindre og mindre utover hausten. Stadig har nye planar og opplegg blitt laga, som igjen måtte erstattast av nye planar.

Klovnane "Tipp & Topp" måtte avlysast med ein dags varsel, etter rådføring med kommunelegen, i november. Premiar, som 5-åringane skulle få, blei pakka og leverte heim i postkassen til kvart enkelt barn. Julevandring i open kyrkje blei arrangert i Hamre kyrkje i desember. Erfaring frå dette enkle opplegget, kan lett vidareførast til barnehage- og skulegudstenester både til påske og pinse. Vandring i små grupper/kohortar/familiar kan også bli aktuelt å overføra til TOL-tiltak som Kode B, dåpsskulen og Tårnagenthelger. Her er det fantasi og smittevern som avgrensar og kreativiteten blir kraftig utfordra.

Gjennomførte trusopplæringstiltak i 2020:

0 – 1 år

Babysong har hatt 23 samlingar i 2020, som tilbod til babyar frå alle sokna våre. Totalt har 27 babyar deltatt. Frå Hamre sokn: 13 babyar (81%).

1 år

Faddergåva: På dåpsdagen får ein av fadrane utdelt ei bønnebok for barn, som fadderen skal overrekkeja barnet på 1-års dåpsdag. Alle dåpsbarn får denne gåva.

2 år

Trill & Trall m/utdeling av 2-årsbok. Deltakarar frå Hamre sokn: 4 (19%). Nedgang frå i fjor (41 %). Totalt møtte 5 barn m/1 vaksen i Hosanger og 7 i Haus.

3 år

CD-gåve/småbarnsong: Døypte 3-åringar får ein CD tilsendt i posten. Dei får også invitasjon til småbarnsong (3-5 år) i kyrkjesenteret 1 tysdag/mnd. Deltakarar frå Hamre sokn: 11 stk. frå 3-6 år.

4 år

4-årsbok: 4-åringane har samling ein laurdag og får utdelt 4-årsbok i heimekyrkja si. Deltakarar på Hamre: 9 (38%). Nedgang frå i fjor (48 %).

5 år

Klovnane Tipp og Topp i Hosanger kyrkje: Avlyst

6 år

Heilt førsteklasses m/6-årsbok: Ved skulestart får 1.klassingane tilbod om ei samling i kyrkja. I år blei samlinga ein laurdag formiddag i Hamre kyrkje. Deltakarar på Hamre: 6 stk. (30%). Nedgang frå i fjor; 14 stk. (52%).

7 år

Dåpsskulen kolliderte i tid/dag med eit arrangement for same aldersgruppe i Osterøyhallen. Til saman fekk me gjennomført 3 samlingar før koronastenging. Ingen deltakarar frå Hamre i år.

8 år

Tårnagenthelg: TÅRNAGENTHELG SPESIAL blei arrangert på Hamre p.g.a. pandemien. I all hovudsak eit heimeopplegg, men med tilbod om tårntur og symboljakt ved kyrkja 3t laurdag. Deltakarar: 15 stk. (44%) frå Hamre sokn. Framgang frå 2019 (29%). I tillegg deltok 5 agentar frå Gjerstad.

9-10 år

Klatring m/Krik i Osterøyhallen: På dette tiltaket fekk me svært godt frammøte. I tillegg til 4.klassingane, som hadde meldt seg på, møtte også barn i andre aldersklassar. Heile familien var invitert og ca. 40 små og store barn var innom dette arrangementet. 4.klassingar frå Hamre: 5 stk. (23%)

10 år

Lys Vaken avlyst 11 år Kode B: Gjennomført i kyrkjesenteret på planleggingsdagen 31.januar. Deltakarar frå Hamre: 6 stk. (22%). Framgang frå 2019 (8%).

14 år

Informasjonsmøte om konfirmanttida: 17 frammøtte (100%) 15 år Konfirmasjon: 12 konfirantar (57%) 16-18 Fredagskveld i kyrkjesenteret: Totalt: 12 ungdomar har deltatt dette året, 2 av desse frå Hamre sokn (2%).

KYRKJEMUSIKKEN

Me vil også særleg nemne den aktivitet som kantor og organist står for, med arrangement av konsertar i kyrkjene. Det er særleg ved dei store kyrkjelege høgtidene at kyrkjene blir mykje nytta til konsertar frå ulike kor og korps. Osterøykoret, Haus musikklag, Osterøy skulebrass, Osterøy janitsjar, Fotlandsvåg musikklag, Kulturskulen sine elevar og Hjellvik hornmusikk har halde konsertar i 2019. I 2020 blei nesten alle musikalske arrangement avlyste pga. koronapandemien. Men vi rakk å få ein konsert i Gjerstad med Booth's Gospel frå Frelsesarmeen og ein i Hosanger kyrkje med Solveig Leithaug, akkurat då heile Norge stengte ned i mars. Kantor og organist arrangerte ein konsert-turné i starten på sommaren i alle kyrkjene.

4) VEDLIKEHALD OG REHABILITERING

KYRKJEGARDAR / GRAVPLASSAR

Fellesrådet har ein 120 % stillingsressurs til å ta unna arbeidet på gravplassane. Det er to faste medarbeidarar (Roger Birkelund og Sigurd Revheim) som har stått for drifta. Frå oktober 2019 gjekk Sigurd ut i eit års permisjon og inn kom Oddvar Høgli, som vikar og seinare fast tilsett.

Oppryddingsarbeidet vi sette i gang, med raude lappar på gravene, der vi etterlyste kontaktpersonar, førde med seg at vi fekk inn festeavgifter eller fekk frigjort gamle graver. Vi ser no at vi ikkje treng tenkje på utvidingar av gravplassar eller byggje ein ny på Hauge, slik det har vore snakk om dei siste åra. Vi har plass til alle i fleire tiår frametter.

På Hamre avslutta vi i 2020 arbeidet med å rydda for gamle graver, etter at vi året før fjerna gamle graver framom og bak kyrkja. På grunn av grunnforholda på desse felta vil dei ikkje bli nytta til kistegraver, men urnegraver. På fleire av gravplassane er det tatt bort gamle gravminner på graver som er sletta. Utpå hausten var det ei større opprydding på Bruvik, der vi fjerna om lag 100 gravminner, som folk har bede om sletting eller der vi ikkje lenger får kontakt med ansvarlege i familiane og gravene er gått ut på friperioden. Alle desse gravene var gamle. I samband med dette arbeidet oppdagar vi stadig feil i gravregisteret. Vi har t.d.. oppdaga at festarar er ført opp på feil grav og gravlagde er registrert gravlagd i feil grav. Problemet er knytt til namnelikskap og mangel på bruk av personnummer. Dette arbeidar vi hardt med å rette opp.

Det kom inn godt med festeavgift i 2020. Dette skuldast at vi etter kvart får kontakt med fleire og fleire festarar.

ARBEID PÅ KYRKJENE.

Då vi gjekk inn i 2020 hadde vi akkurat fått vite at budsjettet var kutta med 10 %. Vi våga ikkje sette i gang noko av det planlagde vedlikehaldet. Derfor blei berre akutt og nødvendig vedlikehald utført. Kyrkjene var dessutan i god stand etter den omfattande oppussinga som hadde gått føre seg frå 2015-2017.

I 2018 blei det vedteke å skifte ut omnane i Hamre kyrkje. Dette tok tid, for vi måtte få godkjenning frå Riksantikvaren, noko som skjedde i 2019. På grunn av lang bestillingstid og at elektrikarfirmaet hadde mange oppdrag, blei ikkje utskiftinga gjennomført før i 2020. Det er no to omnar under kvar kyrkjebenk. Det er og sett inn nye omnar i våpenhus og sakristia. Framme i koret meinte Riksantikvaren at vi ikkje skulle montere nye omnar, så der er det inga oppvarming. Blir det for kaldt i koret, må vi søkje om godkjenning for omnar der og.

Etter ein kontroll av det elektriske anlegget i kyrkjene, utført av BKK i 2018, var det påvist ein del manglar, som vi har fått elektrikarfirmaet Thunestvedt as til å utbetre. Resten av desse utbetringane blei gjort i 2020, og no er alle elektriske anlegg i kyrkjene i godkjend stand.

For ei tid sidan bytte vi låsar i mange dører til kyrkjene og tilhøyrande bygg. I år har vi utvida dette med tre dører. Ei på Gjerstad og to på Hamre.

For Hamre kyrkje har det hausten 2020 blitt arbeidd med ein redningsplan for brannvesenet, etter mal frå Oslo brannvesen. Det er Bergen brannvesen som ønskte at Hamre kyrkje med på dette pilotarbeidet, og resultatet er at ved brann kan ein på veg til kyrkja gå gjennom korleis ein kjem inn, kva som bør bergast ut og korleis ein finn det, løyser det frå vegg eller golv og korleis ein får det med seg ut. Det vil gje eit målretta arbeid for dei som kjem først fram og som deltek i redningsarbeidet.



5) KYRKJESTATISTIKK 2015- 2020

Tala vi kan lese ut av statistikken for 2020 fortel oss mykje om koronapandemien og konsekvensane av den. Som nemnt i innleiinga er det reduserte tal på kor mange vi kunne sleppe inn på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Mykje er utsett eller avlyst, eller gjennomført i mindre skala enn planlagt. Vi får tru at det kjem eit betre år etter dette. På landsplan er talet på vigde gått ned med 19 %. Statistisk Sentralbyrå (SSB) trur det heilt og fullt skuldast pandemien.

Bruvik kyrkje	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	13	13	13	13	10	9
Tal til stades	888	750	1079	710	353	342
Til stades pr gt.	68	58	83	55	35	38
Nattverdgjester	126	128	173	80	108	32
Døyppte	2	6	6	4	2	7
Konfirmerte	10	1	10	5	0	3
Vigde	2	0	1	1	1	0
Gravlagde	6	1	2	3	4	3
Innmeldte	0	0	0	0	0	0
Utmeldte	0	2	1	1	1	0
Ofringar	17052	25459	27438	17153	14882	4209

Gjerstad kyrkje	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	38	39	38	37	34	32
Tal til stades	2861	3304	2823	2663	2506	1434
Til stades pr gt.	75	85	74	72	74	45
Nattverdgjester	495	841	816	555	695	303
Døyppte	12	21	13	21	21	14
Konfirmerte	33	29	25	20	25	20
Vigde	1	3	2	1	4	3
Gravlagde	19	15	18	16	17	17
Innmeldte	3	1	1	0	2	2
Utmeldte	7	18	13	8	23	3
Ofringar	106544	67259	102613	89663	80889	44561

Hamre kyrkje	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	27	28	27	28	27	28
Tal til stades	3024	2999	2816	2589	2759	1204
Til stades pr gt.	112	107	104	92	102	43
Nattverdgjester	669	578	704	747	407	168
Døyppte	32	25	28	16	28	18
Konfirmerte	29	28	23	17	29	12
Vigde	3	10	5	6	5	0
Gravlagde	17	10	14	15	10	15
Innmeldte	1	3	0	0	3	2
Utmeldte	6	21	10	7	28	11
Ofringar	63348	73457	86512	73989	77461	31656

Haus kyrkje	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	24	25	24	21	19	16
Tal til stades	1964	2265	2260	1719	1428	703
Til stades pr gt.	82	91	94	82	75	44
Nattverdgjester	391	369	289	383	244	208
Døpte	6	18	13	8	7	5
Konfirmerte	11	21	21	17	8	10
Vigde	2	2	3	1	2	3
Gravlagde	12	12	6	8	3	10
Innmeldte	0	0	2	0	1	3
Utmeldte	6	8	4	2	11	2
Ofringar	63086	67259	61125	54536	44927	19153

Hosanger kyrkje	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester	26	24	22	17	15	19
Tal til stades	2421	2015	1800	1254	1407	884
Til stades pr gt.	93	84	82	74	94	47
Nattverdgjester	560	400	495	440	240	122
Døpte	26	11	14	12	8	10
Konfirmerte	12	16	13	8	18	15
Vigde	3	2	3	3	3	1
Gravlagde	15	14	12	19	9	11
Innmeldte	0	1	1	1	0	3
Utmeldte	4	7	5	4	21	3
Ofringar	63348	58644	72822	47475	35746	21117

6) ØKONOMI

RESULTAT FOR ØSTERØY KYRKJELEG FELLESRÅD FOR 2020

Det økonomiske året starta med Heradsstyremøtet midt i desember, der vi opplevde å få kutt i budsjettet med 10 %. Det blei redusert frå 5,2 mill. til 4,7 mill. Noko som gjorde at vi måtte sette bremsene på. Med ein gong.

Resultatet for 2020 blei betre enn venta. Om lag 50.000 kroner i pluss. Sjølv med kuttet i løyvinga frå kommunen. Vi reduserte ein stilling, vi hadde tilsette ute i permisjon og held ei stilling ledig ein periode. Vi hadde begynt å få kontroll på feste av grav, og der kom det inn meir enn vi hadde rekna med.

Driftsutgiftene klarte vi å halda kontroll på, og enda ganske likt med budsjettet vi hadde justert i januar.

Lønsrekneskapen viser at vi har spart ein god del på dei gode og heldige løysingane vi nemnde, og kom i mål under budsjett.

Inntektene blei og litt betre. Det var mest festeavgifta som drog resultatet opp på pluss-sida.

Balansen:

Det vi kan lese ut av balansen er at vi har ein god eigenkapital,

Vi viser elles til resultatrekneskap og balanse, som er sett opp ved økonomikontoret, Osterøy kommune. Nordhordland Revisjon IKS er revisor for rekneskapen vår. Dette blir endeleg klart i løpet av våren.

7) SLUTTORD

MENNESKELEG INNSATS

Det er ikkje få timar som svært mange friviljuge eldsjeler legg ned i arbeid rundt om i sokna. Dette er ein økonomisk ressurs som ikkje let seg talfesta. Nokon utfører også praktisk arbeid som er fellesrådet sitt ansvar. Alle desse skal ha stor takk.

No har vi fått eit lokale i Lonevåg (Kyrkjesenteret), som vi ønskjer at mange skal ta i bruk til ulike aktivitetar. Her vil vi oppmode alle til å bli med å skape eit levande kyrkjesenter.

Fellesrådet vil takka alle som ofrar fritida si til gode føremål for kyrkja på Osterøy og for å nå ut til fleire med Guds ord.

Lonevåg, 16.03.2021

Roar Moen
Leiar

Edvin Bratli
Kyrkjeverje